



Referat frå elevrådsmøte 15.06.23

Elevrådet hadde skuleårets siste møte og avslutning torsdag 15.06.23. Vi oppsummerte året som har gått, snakka om saker vi var særleg stolt over å ha stemt fram, samt kva som elevane ser på som utfordringar framover.

Elevrådsrepresentantane var einstemmig om at det å vere med i elevrådet har vore gøy og lærerikt. Ein av representantane sa også at det er viktig å få fram elevane sitt perspektiv. Dei har følt at det har nytta å vere med i elevrådet og at dei er blitt høyrte. Dei er særskilt stolt over å ha stemt gjennom kantine og leiketime ved skulen.

Elevrådet er også einstemmig i at Spildepollen er ein god skule å vere på. Dei er samstundes klare på at det er utfordringar ved skulen. Elevrådet meiner at negativ språkbruk er den største utfordringa. Det er ikkje berre banning og negativt lada ord som er problemet, men også kommentarar og negativ tilbakemelding frå medelevar. Det er for mange som «slenger med kjeften».

Snakke-pent- aksjonen hadde ikkje ynskja resultat. Elevrådet meiner likevel at det var bra at skulen gjennomførte aksjonen. Dei meiner aksjonen hjalp på nokre årssteg, litt i byrjinga på andre årssteg. Dei hadde håpa på betre resultat, men er glad for at vi prøvde.

Dette meiner elevrådet at det er viktig å jobbe med framover:

- Fleire synlege vaksne ute i friminutta
- Elevrådsrepresentantane må få god tid til å ta opp saker før møta
- Foreldre må få beskjed frå skulen om negativ språkbruk
- Det er både fordelar og ulemper med Pokemon-kort på skulen

Møtet blei avslutta med at rektor takka av alle representantane. Skulen er særst nøgd med elevrådet og det arbeidet dei har gjort dette skuleåret. Dei har vore engasjert, hatt gode diskusjonar og vist framifrå møtekultur!

Linda Selheim

Rektor og referent



E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258